

# SAKSFRAMLEGG

## Tysnes kommune

### INNSPEL TIL NVE OM NASJONALE INTERESSER I SAMBAND MED VINDKRAFTUTBYGGING

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Arkivsak : 18/631 -

Arkivkode: 654

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

#### SAKSUTGREIING:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) utarbeider ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

<https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/>

Frist for innspel til dette arbeidet var 20.10.2018. Tysnes kommune har bedt om utsett frist til møte i formannskap 25.10.18



NVE spør i denne omgang om fagleg informasjon av overordna karakter. Dette er såleis ikkje ei generell høyring. Olje- og energidepartementet (OED) vil i etterkant av oversendinga frå NVE gjennomføre ei høyring med høve til politiske innspel og generelle synspunkt.

NVE har lagt til grunn ein metode med eksklusjon av areal.

Med «hard eksklusjon» er meint areal som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk/økonomiske forhold,

eller på grunn av formelt vern eller tilsvarande.

Med «mjuk eksklusjon» er meint areal der verknader for éi enkeltinteresse i mange tilfelle tilseier at det ikkje bør byggast vindkraftverk.

Tysnes ligg i analyseområde 16 som går frå Tysnes i nord til Karmøy i sør.

Rådmannen forventar at NVE sjølv hentar inn opplysningar om regionale og nasjonale verdiar og interesser, og fokuserer difor på i det vidare på informasjon og opplysningar av lokal karakter.



Tysnes kommune si kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde (2017) vert difor sentral i den vidare vurderinga.

Når ein legg NVE sin kartlegging av hard og mjuk eksklusjon til kommunens eiga kartlegging av friluftsområder og andre kjente forhold er det svært avgrensa områder på Tysnes det kan vera aktuelt å utreda mogleg vindkraftutbygging.

Plassering av vindturbinar vest på Skorpo kjem i konflikt med regulerte vegtrase for Huglosamband og Kvifastprosjektet. Skorpo er lokalisert mellom fleire naturreservat, Storsøy i Stord kommune, Ånuglo i Tysnes kommune i tillegg til

sjøfuglområdet på Kråko og er difor uaktuelt som område for utbygging av vindkraft.

For område Onarheim kan me ikkje sjå egna areal for vindkraftutbygging sett opp mot auka bruk og etablering av turveggar og turmål. Det er tett mellom registrerte kulturminner i området og friluftsområdet vidare opp mot fjellet er viktig ski-terreng og rekreasjonsområde for Tysnes.

Det er og stor fare for støy og visuell påverknad for bustader i området som ligg både spreidd i LNF-område og konsentrert i fleire regulerte områder for bustader.

Andre lokaliteter ser ut til å vera for små i areal for å kunne etablera vindkraftsutbygging og Tysnes formannskap bed på bakgrunn av ovannevnte at dei aktuelle områda i Tysnes vert tekne ut av plan for nasjonal ramme for vindkraft på land.

**... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**

**INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

**::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

Tysnes formannskap syner til saksutgreiinga og rår til at Tysnes vert tekne ut av det vidare arbeidet med plan for nasjonal ramme for vindkraft på land.

**::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**